

# Sentraladministrasjonen

LMT-kontoret

her

Vår ref.	Arkivkode	Dykkar ref.	Dato
01/00952-010/BD	242 K40		20.12.01

## MELDING OM POLITISK VEDTAK - VEDTEKTER FOR KOMMUNALT VILTFOND

Kommunestyret handsama i møte 17.12.01 sak 0116/01.

Følgjande vedtak vart fatta:

### Vedtekter for Vaksdal kommune sitt viltfond

1. Fellingsavgift for hjort i Vaksdal kommune skal i si heilheit tilførast viltfondet.
2. Kommunestyret gjev fullmakt til kommunen si vilt- og fiskenemnd å fastsetja den årlege fellingsavgifta for hjort innanfor den øvre ramma som vert fastsett av Stortinget.
3. Vaksdal kommune si vilt- og fiskenemnd er fondsstyre og gjer vedtak om bruk av fondet.
4. Det skal setjast av fast årleg kr. 10.000,- av inntekta til oppbygging av grunnkapital for fondet, stort kr. 100.000,-. Grunnkapitalen skal kun nyttast til spesielle tiltak som er vedteke i fondsstyret. Når grunnkapitalen er vorte nytta av, skal den byggjast opp att til kapitalnivå.
5. Fondet sine inntekter og avkastning skal berre nyttast til tiltak for fremjing av viltforvaltning, styrking av kunnskapen om viltet, jaktorganisering m.v. i kommunen. Fondet kan ikkje nyttast til å dekkja faste administrative utgifter.  
Vert det laga kommunal handlingsplan for vilt (jfr. viltkartlegging 1997), skal fondet nyttast i samsvar med den.

Rett utskrift:  
Formannskapskontoret

Björg Djukastein  
Konst. rådmann